



## Statens vegvesen

ODDVAR HAUKELAND  
VETÅSVEGEN 39  
5938 SÆBØVÅGEN

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region vest Tone Bøyum / 55516792 17/179041-4 12.02.2018

### Førehandstilsegn – Utbetring av avkjørsle – Fv. 406 – gnr. 84 bnr. 3 – Radøy kommune

Vi viser til søknad av 17.10.2017.

#### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) gir vi løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå fv. 406 til gnr. 84 bnr. 3 i Radøy kommune dersom avkjørsla vert opparbeidd i samsvar med våre krav.

#### Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982*.

1. Avkjørsla skal plasserast i tråd med situasjonsplan, datert 08.02.2018. I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkjørsle*, som ligg ved.
2. Løyvet gjeld bustadføremål.
3. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkjørsla skal vere 54 meter til kvar side av køyrebana. Eventuelle planter, terreng og liknande i frisiktsona kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter (sjå *Krav til utforming av avkjørsle* som ligg ved).
4. Svingradius skal vere 4 meter (8 meter i diameter). Det smalaste punktet i avkjørsla skal vere 5 meter (sjå *Krav til utforming*).
5. Stigningskravet må haldast (sjå *Krav til utforming*). Vi vil her gjere særleg merksam på at avkjørsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 meterane.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

6. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkjar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkørsel, frisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
7. Søkjar må sjølv avklare med Vegseksjon Nordhordland om utforming av fylkesvegen sitt sideareal og evt. inngå gjennomføringsavtale med vegseksjon.
8. Dersom avkørsla går over ei veggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyret må vere tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Sjå *Krav til utforming av avkørsel*.
9. Så snart avkørsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkørsel* underskrivast og sendast i retur. Avkørsla skal vere godkjend av Statens vegvesen før nye byggearbeid blir set i gang.
10. Det er eit vilkår at Radøy kommune har gjeve eventuelle naudsynte løyver.
11. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkørselen har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkørsle* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekke tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkørsla vil krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

#### Bakgrunnen for vedtaket

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkørsel frå.

Statens vegvesen gav løyve til utvida bruk av avkørsle i 1981 i samband med søknad om oppføring av nytt våningshus på bruket. Føresetnaden den gong var at avkørsla skulle flyttast lengre sør. Nytt våningshus vart bygd, medan ein har ikkje lukkast å opparbeide ny avkørsle. Dette våningshuset har difor ikkje eit godkjent avkørsleløyve.

Vi vurderer at avkørsla ikkje tilfredsstiller dei krav vi stiller til utforming slik den ligg i dag. Det er særslig sikt i avkørsla. Sikta må difor utbetrast, særleg i mot nord / retning venstre i avkørsla, før vi kan gje eit endeleg løyve.

Skilta fart på strekninga er 80 km/t. Det var gjennomført fartsmåling i perioden 15 – 22.01.2018. På bakgrunn av denne målinga meiner vi at ein kan legge til grunn eit lågare fartsnivå enn skilta fart på strekninga.

Utbetring av siktforholda medfører mellom anna at ein må ta ned mur som går langs fylkesvegen. Vi er i det vidare opptatt av at sideterrenget til fylkesvegen vert utført med stabile massar, slik at ikkje noko rasar ut i fylkesvegen. I siktrekanten må terrenget senkast på nivå med fylkesvegen. Søkjar er sjølv pliktig til å ta kontakt med vegseksjon Nordhordland og avklare korleis sideterrenget mot fylkesvegen skal utformast, og evt. inngår gjennomføringsavtale med vegseksjon. Kontaktperson hos vegseksjon er Arnljot Jordal.

Søkjar må også ta kontakt med Radøy kommune og avklare om tiltaket er i samsvar med gjeldande planar for området.

#### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest Pb. 43, 6861 Leikanger / firmapost-vest@vegvesesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvalningsseksjon Bergen

Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER

#### Vedlegg

Veglova [§ 40](#) og [§43](#)  
Situasjonsplan M1:1000 datert 08.02.2018  
Krav til utforming av avkøyrsle  
Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsle

Statens vegvesens saksnummer 17/179041

## Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkørsle

Eg/vi melder om at avkjørsle frå fv. 406, hp 1, km 0,396, er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fastsett i løyve datert 06.02.2018.

Sted/dato underskrift søker/grunneigar


**Underskrift utførende entreprenør**

Samtykke sendast til:  
Statens vegvesen Region vest, Pb. 43, 6861 Leikanger / firmapost-vest@vegvesvesen.no


# KRAV TIL UTFORMING AV AVKØYRSLE utan gs-veg

## PLANSKISSE AV AVKØYRSLE


Revidert  
02/2017



### LENGDESNITT I GRØFT VED AVKØYRSLE



### SNITT GJENNOM MIDTLINE I AVKØYRSLE



### MINSTEKRAV TIL SIKT I AVKØYRSLE

